SOKNERÅDSMØTE GLOPPEN SOKN

Onsdag 13. mai 2020

Til stades: Oddhild, Laila, Eivind, Bjørn, Berit, Vidar, Arne, Åslaug og Hege. Forfall: Kjell.

Opningsord ved Åslaug

REFERATSAKER

Sak 31/20 Godkjenning av innkalling

Soknerådet godkjente innkalling og sakliste.

Sak 32/20 Godkjenning av protokoll frå sist møte.

Soknerådet godkjente protokoll frå førre møte.

VEDTAKSSAKER

Sak 33/20 Gjevartenesta

Det viktigaste på informasjonsfronten akkurat no er korleis gudstenester og andre samlingar skal gjennomførast med korona-restriksjonar. Soknerådet vedtok derfor at vi venter med vervekampanje til hausten. Det kan likevel stå noko om gjevartenesta i kyrkjebladet som kjem ut no før sommaren.

Sak 34/20 Barnekroken i Vereide Kyrkje

Soknerådet ønsker (jmf. referat frå førre møte) å fjerne nokre benkar i Vereide kyrkje for å få betre plass i "barnekroken". Vidar har vore i kontakt med riksantikvaren (RA), som ikkje garanterer ikkje noko positivt svar. Ein føresetnad for å få søknaden godkjent er at vi har ein plass å lagre dei kyrkjebenkane som blir til overs for all framtid, - kyrkja må kunne tilbakeførast til slik den er i dag. Søknaden må innehalde ein konkret plan for korleis vi ønsker at det skal sjå ut, og vi må argumentere godt for kvifor vi ønskjer å gjere endringar. I samband med arbeidet med søknaden ønskjer soknerådet også å sjå på estetiken i kyrkja. Det er ei gamal middelalderkyrkje, der vi må søkje om nær sagt alle endringar, men den framstår som noko rotete. Krinker og krokar av sjølve kyrkjerommet blir brukt til lager av benkar, stativ og høgtalarar. Inngangspartiet gir også eit rotete førsteinntrykk når ein kjem inn. Vi treng eit lager til både kyrkjebenkane og ting som no blir lagra i kyrkja. Soknerådet vil undersøke tilstand til bygget oppi bakken, der toaletta til kyrkja var før. Kanskje kan dette byggast om og fungere som lager.

Eivind og Åslaug meldte seg til å arbeide vidare med denne saka. Dei vil ta med seg barna som kom med forslaget på ei synfaring i kyrkja, og sjå på kva endringar vi kan gjere på kort og på lang sikt.

Noko utstyr til barnekroken kan kjøpast inn no i vår. Kanskje kan vi få inn eit større bord, som også kan brukast til kyrkjekaffi. Dei vil også starte arbeidet med å forberede søknad og undersøke det gamle toalettbygget.

Sak 35/20 Ettervisitasrapport

Vidar gikk gjennom rapporten. Den er felles for alle tre sokna, og er derfor ikkje så detaljert. Soknerådet sine endringar i høve framlegget:

- Punkt 1: Bytte ut «kjenner på ansvaret for» med «ønskjer».
- Punkt 4: Vidar kan vurdere å setje inn ei setning om undervisning i kyrkjebladet.
- Punkt 5: Vidar vart oppmoda om å omformulere punktet litt.
- Punkt 6: Understreke at vi er i startgropa med rekruttering til givarteneste, t.d. at vi har fått 20 givarar **til no**.

ORIENTERINGSSAKER

Sak 36/20 Orientering om kyrkje i koronatider

Vidar orienterte kort om korleis tida har vore, mellom anna har gravferdar og sorgarbeid vore utfordrande. Vi har hatt nettgudstenester frå alle sokna i Gloppen. Vi har hatt profesjonelle aktører til å lage nokre av dei, og interne folk til andre. Vidar har analysert sjåartala. Påskedagsgudstenesta hadde 459 avspelingar, 25 % av desse såg heile. Musikalske innslag er meir sett enn gudsteneste. Det har vore gode tilbakemeldingar, -men det er krevjande å halde gudsteneste utan å vere i lag. Vi gler oss til å kunne møtast igjen!

Evaluering av nettsatsinga frå soknerådet: Kvaliteten på sendingane har vore imponerande god, både når det gjeld lyd- og bildekvalitet, - og med kreative innsmett av naturbildar og samtale.

Det har kome ein bransjestandard som vil vere gjeldande for kyrkja framover. Vi vil kunne møtast til gudsteneste med maks 50 deltakarar, og ein meter avstand mellom kvar. Dette medfører at vi må stenge døra når 50 har kome inn i kyrkja. Det blir truleg behov for to gudstenester pr. søndag, kanskje 3 på pinsedag. Vi kan feire nattverd, om enn på ein litt annan måte enn vanleg. Med tanke på eventuell smittesporing må vi skrive lister over kven som er på gudsteneste. Lista skal vere på papir (ikkje digital) og makulerast etter 10 dager. Kyrkja må få ut god informasjon om det folk treng å vite om gudstenester og restriksjoner.

24. mai skal soknerådet, etter planen, vere med som medliturgar. Det blir truleg gudsteneste både i Gimmestad og Vereide kyrkje. Dei som deltek vil få informasjon om smittevern i forkant. Vidar tek opp «påmelding» til dette når det nærmar seg.

Sak 37/20 Dugnadskort

Berit har jobba vidare med dette, kortet er no klart til bruk. Det skal stå ein boks til påmelding i kvar kyrkje, og medliturgane må tømme boksen etter kvar samling slik at ikkje skjema blir liggande. Vi tek dette i bruk med ein gong, og orienterer om det i gudstenestene.

Eivind fikser eit påmeldingsskjema på google for elektronisk påmelding. Dette skal vi ha link til frå facebooksida og nettsida til kyrkja.

Sak 38/20 Status for kantorstillinga

Ein søkjar har fått tilbod om kantorstillinga, men han har ikkje takka ja enno.

EVENTUELT

- Dugnad på kyrkjegardane. Berit orienterte kort, men dette kjem vi tilbake til.
- Soknerådet har lyst til å ha ei sosial samling når det er lov å sitje nærare kvarandre enn ein meter.

Neste møte

Neste møte er 10. juni. Frist for innsending av saker er 1. juni.

Åslaug Haugset, sekretær.